

PRAKTISK INFORMASJON

- Last ned foreldreappen Visma foresatt.
- Syt for at det **alltid er minst eit klesskift** i barnehagen. Held barnet ditt på å slutte med bleie, må det vere ekstra med skift.
- Alle **dressar og regnkle må ha strikk under beina** og dei må være **utan hol**. Me er ute i all slags ver og vi ønskjer å bruke nærmiljøet til barnehagen aktivt, derfor er det heilt nødvendig at kleda er i god stand.
- **Alle klede, sko og støvlar MÅ være merka!**
Merk med ein sprittusj/merkepenn eller kjøp merkelappar som ein kan klistre/stryke på. Slik slepp heimen å miste klede og tilsette slepp å bruke unødig tid på å leite etter rette klede.
- Barna skal ha **tøflar eller sko til innebruk**.
- Det er ikkje høve til å ta med eigne leiker i barnehagen. Unntaket er ta med-dagar som vert annonser på vekeplanar ute på den enkelte avdeling.
- Vi feirar **fødselsdagen** til barnet i barnehagen med krone, song og sunn meny. Lokale variasjonar ute på den einskilde avdeling.
- Barnehagen har ikkje ei fastlåst oppmøtetid, men på dagar med **faste aktivitetar** i barnehagen og turdagar må barnet møte til kl.09.30 om det skal rekke aktivitetten. Vi kan også ta spontanturar ut ifrå barnehagen sitt område. **Me ønskjer beskjed om de kjem etter kl. 09.30 eller ved anna fråvær**. Fint om de kan unngå å kome i den perioden avdelinga har frukost, då dette uroar barnegruppa.
- Foreldra **SKAL** sei ifrå viss barnet blir henta av andre enn mor eller far, bruk foreldre appen eller ring avdelinga.
- Eit personale skal alltid ha melding når barnet kjem og når barnet forlet barnehagen. Det er foreldre sitt ansvar til å gi beskjed om dette til personale.
- Sei ifrå om barnet er **sjuk eller har fri**, dette legg dykk sjølv inn i foreldre appen.
- Ved **parkeringsa** skal bilmotoren vere slått av. Parker på merka felt; ikkje i skråninga overfor porten, **Nedre**.

Ikkje framfor helikopterlandingsplassen på **Øvre**.

- Barna skal ikkje gå ut av porten før dei går ilag med foreldra. **HUGS ALLTID Å HA PÅ LENKA PÅ PORTEN!**
- Ved brann i barnehagen har kvar avdeling fast oppstillingsplass. Ved behov for vidare evakuering blir barna flytta til motsatt barnehagebygg. Ved brann under kveldsarrangement skal alle møte ved parkeringsplassen utanfor gartneriet.
- Ansvaret for barnet mitt går over frå personalet til meg eller annan føresette når eg/vi er i barnehagen eller på barnehageområde. Er ein i tvil i enkeltilfelle er det viktig med god kommunikasjon og avklaring med personale på avdelinga.

Det blir gjennomført brannøvingar for barn og tilsette gjennom året.